

# Å lage samandrag

## Fastfrosen svane redda

Tønsberg: Hamnestellet berga fredag ei svane som hadde frose fast i Kanalen. Viltnemnda ber folk slutte med å mate svaner der sjøen frys til.

Fredag formiddag oppdaga Jarl Goli ein kvit bylt på isen mens han gjekk over gangbrua, og da han kikka nærmare etter, såg han at det var ei svane som låg fastfrosen og prøvde å komme seg laus, og han kontakta mellom anna politiet.

### Skadd og svekt

Mannskapet på «Ingeborg Platou» såg ikkje svanen da dei gjekk gjennom Kanalen for å bryte opp isen. Men på veg inn frå Husøyrenna fekk dei vite om den fastfrosne fuglen, og saman greidde Per Svennar og Ståle Amundsen å pirke laus svanen med båtmannshake. Deretter vart ho lyft opp i taubåten.

– Ho var svært svolten, og ho fekk nokre kjeks av oss, seier Svennar som la svana på eit varmt dekk.

Trond Mathisen, som er formann i viltnemnda, seier at svana blødde frå sår og var sterkt svekt. Han var fredag ettermiddag usikker på om svana kunne reddast.

### Ikkje mat svanene

– Dette kjem til å skje på nytt, særleg dersom folk held fram med å mate svanene, seier Mathisen.

Han seier at når folk matar svanene, trekkjer dei ikkje ut mot ope vatn. Når isen legg seg, går dei opp på isen og legg seg, og der frys dei fast.

– Spesielt ved Fiskebryggja er det mykje svaner, og dei held til der folk matar dei. Det er det dummaste folk kan gjere, seier Mathisen.

Av: Harald Syvertsen, Tønsbergs Blad, (her omsett til nynorsk)

## Oppgåver

- A Les denne nyheitsartikkelen fleire gonger.
- B Lag understrekingar, nøkkelord eller spørsmål til teksten.
- C Lag eit samandrag med dine eigne ord på grunnlag av understrekingane, nøkkelorda eller spørsmåla. Samandraget skal vere kort.
- D Presenter samandraget for dei andre i gruppa og få tilbakemelding.